

Innspel til nasjonal lesestrategi

frå Aksjonsgruppa styrk skulebiblioteka

Skulebibliotekarar landet over har i mange år etterlyst ei sterkare og meir systematisk nasjonal satsing på skulebiblioteka. I kvardagen vår ser me heilt tydeleg dei positive ringverknadene av leselystarbeidet som går føre seg i skulebiblioteka, men me opplever samstundes at det naudsynte rammeverket som skulle ha sikra at alle elevar får møta eit trygt og inkluderande bibliotekrom i skulen, manglar.

Som engasjerte lesefagfolk, er det både provoserande og fortvilande å vita at det me kan tilby elevane våre, berre er tilgjengeleg for eit utval av elevar i den norske skulen. Difor meiner me at ei kvar nasjonal satsing på lesestimulerande arbeid må starta med å gje denne *retten til gode skulebibliotek* til alle elevar i landet.

Eit godt skulebibliotek er solid ankra i den pedagogiske aktiviteten i skulen og driv aktiv formidling av litteratur og leseglede for elevar i alle aldrar og frå alle sosiale lag. Det er eit annleisrom i skulebygget som legg opp til ein annan type lesesituasjon enn klasseromma gjer, og som stimulerer til lystlesing.

Aksjonsgruppa styrk skulebiblioteka er eit politisk og fagleg nettverk av skulebibliotekarar som har funne saman nettopp for å synleggjera og fremja dette på ein nasjonal agenda. Innspelet vårt må difor dreia seg om viktigheita av å byggja den neste lesestrategien rundt ideen om gode skulebibliotek for alle.

- Pappa, sa ho, – kan ikkje du kjøpa ei bok til meg?
- Ei bok! sa faren. – Kva i all verda treng du ei av desse idiotiske bøkene for?
- Eg har lyst til å lesa, pappa.
- Kva er det som er gale med TV-en? Her har me ein superflott tolv tommars TV, og så kjem du og masar om bøker! Eg aktar ikkje å skjemma deg bort heller!

Denne dialogen er henta frå opninga av den tidlause barneboka *Matilda* av Roald Dahl. Slik me ser det, inneheld han *tre av dei største utfordringane me har* knytt til lesing og leselyst.

Kva meiner du/de er dei tre største utfordringane knytt til lesing og leselyst?

- 1. Mange born vert ikkje introduserte for lesing på heimebane.** Det kan vera mange grunnar til det, og ein kan ikkje skyva alt ansvaret over på heimane. Sjølv om ein kan oppfordra familie og vener til å lesa for borna, må andre aktørar både kjenna på, og ta ansvar for, at born vert introduserte for lesing. Dette gjeld særskilt skulen og Stortinget.
- 2. Born treng difor å verta introduserte for lystlesing i skulen.** Her spelar skulebiblioteket ei nøkkelrolle, men i dag er tilbodet svært ulikt mellom skulane. *Matilda* hadde ein engasjert bibliotekar som såg henne. Det kan ein ikkje seia om snitteleven i Noreg. Det er alt for store skilnader mellom skulebiblioteka våre slik

det er no. Tidlegare i år kunne me lesa at elevane på Breim skule får ei plastkasse med bøker som skal vera skulebiblioteket deira. På Gamlebyen skole får elevane vera på biblioteket minst éin time i veka saman med ein fulltidstilsett og engasjert skulebibliotekar. Denne ulikheita er diverre ein naturleg konsekvens av eit utydeleg lovverk. Me har ikkje råd til at prinsippet om lik rett til opplæring skal vera overlata til rektorar med knappe rammebudsjett.

3. Regjeringa og Stortinget har ikkje vore villige til å satsa på skulebiblioteka.

Faren til Matilda vil ikkje skjemme henne bort med bøker, og det vil ikkje regjeringa heller. No vil regjeringa kjøpe inn éi fysisk skulebok til kvar elev, og det er fint, men det er ikkje nok. Elevane treng nye skjønnlitterære bøker og dei treng nokon som kan hjelpa dei å navigera i bokhyllene. Det er djupt urettferdig at somme elevar har engasjerte skulebibliotekarar som kjenner dei og finn rett bok til dei, medan andre elevar har ei bokkasse.

Kva vil vera dei tre viktigaste målgruppene for strategien?

1. Skuleelevar

Ved å fokusera på lesefremjande tiltak mot grunnskulen, vidaregåande skule og vaksenopplæringa, kan ein vera trygg på at alle komande generasjonar, samt vaksne som ynskjer å vera ein sterkare ressurs i samfunnet, får høve til å verta glade i å lesa.

2. Skuleleiing

Skuleleiing er ei opplagt målgruppe, sidan desse har stor definisjonsmakt over både lesetreninga og formidlinga av leseglede som føregår i skulen. Tydelegare mandat og retningslinjer til skuleleiingane, vil føra til at innhaldet i denne typen arbeid vert mindre personavhengig.

3. Skulebiblioteksektoren

Folk som arbeider med skulebibliotek er også ei viktig målgruppe. Ein må sikra at skulebiblioteka vert drivne av tilsette med fagleg kompetanse, slik at *alle* elevar i skulen får tilgang til dei same rettleiingstenestene i opne, godt utstyrte og oppdaterte bibliotekrom.

Kva bør dei tre viktigaste tiltaka i strategien vera?

- 1. Skulebiblioteka må styrkjast i lov og forskrift.** Det er ikkje nok å seia at alle elevar skal ha tilgang på skulebibliotek, ein må seia noko om KVA dette skulebiblioteket skal vera. Me etterlyser langsiktige tiltak for skulebiblioteka, og dei må koma no.

2. **Me treng fleire ressursar i skule- og folkebiblioteka.** Dette gjeld både bemanning og bøker. Eitt forslag er å utvikla støtteordninga "Tilskudd til skulebibliotek og lesestimulering", slik at vidaregåande skular òg kan få tilskot til drift. I tillegg må ein leggja til rette for at ordninga vert mindre prosjektbasert, og snarare ein del av ei varig satsing.
3. **Pilotprosjektet med å inkludera skulebibliotek i innkjøpsordningane må vidareførast, utviklast og utvidast.** Slik kan fleire elevar og skular får glede av ny kvalitetslitteratur på både bokmål og nynorsk, samt dei samiske språka og nasjonale minoritetsspråk. Oppdaterte samlingar er essensielt for at rett bok skal nå fram til rett lesar.

Har de gode døme på kva som medverkar til leselyst?

All aktiviteten som går føre seg i skulebiblioteka, medverkar til leselyst. Både den planlagde og den spontane, det som hender i samhandling mellom bibliotekarar, elevar og lærarar, det som hender mellom elevane, og det som hender i kvar enkelt elev.

Rommet i seg sjølv, og at det eksisterer på skulen, er eit godt tiltak for leselyst. Det synleggjer for alle at bøker og lesing høyrer til i skulen, men også at lesinga ikkje er noko som går føre seg *for skulen si skuld*. Som eit rom det er godt å vera i, eit rom fylt av bøker og ukjende verder å utforska, eit rom fritt for vurdering, representerer skulebiblioteket noko anna enn undervisings situasjonen, men det har likevel ein pedagogisk funksjon.

Å satsa ordentleg på skulebiblioteka lagar grobottn for god lesekultur. Ved å gje lesinga plass, fysisk og sosialt, kan me dyrka fram både leselyst og lystlesing.

Difor må ein også tru på at folk med lesefagleg kompetanse kan gjera den jobben dei er utdanna til å gjera, den jobben dei brenn for å gjera, i eit rom der dei kan gjera han godt. Og ein må plassera dei der dei trengst mest, der *alle* norske elevar får høve til å møta dei: I skulebiblioteket.